

SIM

slamtøming

I desse dagar startar SIM arbeidet med å töma septiktankar i kommunen.

Du som har motteke dette bladet, er registrert med ein slik tank og kan venta besök av slambilen om lag på denne tida:

Køyrrute

(Føl opplista hovudveg m/sidevegar)

- | Vewe | Køyrrute |
|---------|--|
| 11 - 12 | Oppstart E39 v/Stord grense v/ Mehammar - Sandvikvåg ferjekai |
| 13 - 19 | Vegkryss RV 545 Sandvikvåg - Tveit - Fitjar sentrum - Vegkryss Fylkesveg 75 v/Rydland
Fitjar sentrum - Vestbøstad - Vegkryss Rv 545 v/Rydland |
| 20 - 22 | RV 545 v/Rydland - Stord grense - del av Fylkesveg 72 i Dåfjorden som hører til Fitjar kommune. |

Køyreplanen er rettleiande.

På dei neste sidene kan du lesa meir om kva slamtøming går ut på.

Informasjon om slamtøming Fitjar kommune for hus og hytter

Mars 2006



Det du treng veta om septiktank side 2

Korleis eg som kunde kan leggja til rette for slamtøminga side 3

Problem med slamanlegget – naudtøming side 4

Det du treng veta om septiktank

Miljøfordeler med septiktank

Ein septiktank samlar opp partiklar i avløpsvatnet slik at dette ikkje kjem ut i bekker, vatn o.l. eller fører til tetting av infiltrasjonsgrøfta dersom ein har ei slik.

Ved regelmessig tøming av septiktanken kan ein oppnå følgjande reinseffekt:

Organiske stoff ca. 20-30 prosent

Fosfor ca. 5-10 prosent

Nitrogen ca. 5 prosent

Ny tank står for tur. Slangen har ei totallengde på 100 meter.

Dersom ein har infiltrasjonsgrøft eller sandfiltergrøft i tillegg, vert prosenten for reining av fosfor og nitrogen noko høgare.

Kva skjer i ein septiktank?

Avløpsvatnet går sakte gjennom septiktanken. Dermed vil tunge partiklar få tid til å søkkja til botnen av kummen, medan lette partiklar og feitt vil flyta opp til overflata. For å auka denne effekten og hindra støyvis medriving av slam mot utløpet når t.d. oppvaskmaskin, vaskemaskin, dusj og do er i bruk samstundes, er kummen delt inn i fleire kammer med skiljevegger og gjennomløp i ulike høgder.

Tøming

Det er viktig at septiktanken vert tömd for slam så ofte at avløps-

vatnet ikkje renn over og skaper ureining. Kommunen har vedteke at septiktanken for hus skal tömst annakvart år; for hytter kvart fjerde år. Det er Hordaland Miljørens AS som utfører denne jobben for SIM.


Naudtøming

Ekstra töming utanom ordinær rute kan tingast hjå SIM og vert fakturert for seg. Prisen for ekstratøming er kr. 1990,- inkl. mva. i 2006 (tankar mellom 0-4 kubikk). SIM garanterer at tanken skal vera tömd innan 24 timer etter at kunden har meldt ifrå.


Hordaland Miljørens AS kan tilby spyling av tette rør. Også dette kostar ekstra (sjå under problem med anlegget side 4).




Prinsippet i ein 3-kamra septiktank skissert:



Volumet i ein septiktank er vanlegvis 4 m^3 ($3+0,5+0,5$), og avløpsvatnet brukar ofte fleire døgn gjennom tanken. Storleiken bør i alle høve vera slik at oppholdstida for vatnet vert minst 9-10 timer.



Etter kvart som tida går, og slammet hopar seg opp, får vatnet mindre oppholds-tid i tanken. Færre partiklar vert avsette, og meir slam vert ført mot utløpet. Derved aukar ureininga i utløpsvatnet etter kvart.



Når tanken er full, er reinseffekten lik null.

Korleis eg som kunde kan leggja til rette for slamtøminga



Her er tanken markert med ein pinne og det er lett for renovatøren å finna fram.

Kunden skal bli varsle i god tid før tøminga slik at han kan gjera nødvendige førebuingar.

Fastbuande: Felles varsel vil bli sendt ut i god tid før tøminga tek til i kommunen. Kvar husstand vil få skriftleg varsel i postkassa om lag ei veke før slambilen kjem.

Hytteeigarar: Vil få tilsendt skriftleg tømeversel om lag ein månad før tøming.


Dersom ein går over frå privat septiktank til offentleg avløp eller gjer andre endringar i abonnementet, skal ein meldia frå om dette til SIM.

Sjølv tøminga

Renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedomen for å få gjennomført tøminga. Innhaldet i septiktanken vert soge opp i slambilen. Der vert tørroststoffet skilt ut, og vatnet blir så ført tilbake til septiktanken.

Kontroll av anlegget

I samband med tøminga blir det utført ein visuell kontroll. Dersom det blir observert feil på tanken,



Renovatøren set pris på at septiktanken din er merka med gards- og bruksnummer.

vil kunden bli varsle anten av SIM eller kommunen. Dei mest vanlege feila er:

- tanken har dårleg lokk
- manglar «dykk»
- tanken har tett utløp
- tanken lek
- utløpet lek
- tett filtergrøft

Kva skjer med slammet?

Slammet frå septiktanken er berre minimalt nedbrote og vert köyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svatasmøget for kompostering i rankar. Slamkomposten brukar SIM til sluttdekke på deponiet.



Slammet vert köyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svatasmøget for kompostering i rankar.

Dette ynskjer me at du som kunde gjer før tøming:

- Grava fram loket dersom det ikkje ligg oppe i dagen.
- Merkja loket med gards- og bruksnummer (bruk gjerne varsellappen).
- Eventuelt markera tanken med ein pinne eller liknande slik at renovatøren finn fram.



Dersom me ikkje finn septiktanken til kunden, legg me att ei melding om å kontakta tømebilen, telefon 415 39 645.



SIM
slamtøming

Problem med slamanlegget

1 Årsaka kan då vera at septiktanken er full.

Ta av loket og sjekk om det er mykje fast slam/masse på toppen. Dersom det er tilfelle, kontakt SIM eller Hordaland Miljørens AS sin vakttelefon: 90 10 03 42.

2 Dersom tanken ikkje er full, kan det vera røyra frå huset til tanken som er tette. Dette kan løysast ved å spyla gjennom røyra. Hordaland Miljørens AS tek også denne typen oppdrag.

Dersom det ikkje er rett fall på røyra frå huset til septiktanken, og dersom det ikkje er bend på innløpsrøret som fører avfallet ned i tanken, kan dette skapa problem ved at utløpsrøret blir tetta igjen.

For dei som har infiltrasjonsgrøft, er det svært viktig at septik-

tanken blir tömd regelmessig. Dersom det går mykje partiklar ut av tanken, kan grøfta bli tetta igjen. Dette gjer at spillvatn frå septiktanken ikkje kjem ut. Dersom nivået i septiktanken står over utløpsrøret, er dette ein indikasjon på at utløpsrøyet er tett.

Kloakklukt i huset

Etterfyll vasslåsane i vaskar og slukar. Desse kan tørka ut pga.



varmekablar eller lite bruk. Ved å fylla til dømes matolje i slukane, vil olja leggja seg som ei hinne over vatnet og forseinka fordampinga frå vasslåsen.

Kloakklukt utomhus

Kontrollér om det er montert lufting av kloakken i huset. Lufting av kloakk går normalt over taket. Ved spesielle værforhold kan lufting over tak føra til vond kloakklukt sjølv om luftinga fungerer. Dersom det er tilfelle, kan ein ta av røyret i luftehatten og montera ein spesialventil. Ein slik ventil tilfører nødvendig luft ved tapping og liknande og hindrar luktutslepp. Ta kontakt med ein rørleggjar for nærmere informasjon.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmøget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

SIM